

Vedlegg 3: Utvida samfunnsanalyse

Innleiing	2
Utvida samfunnsanalyse Vestland 1850-2023.....	3
Kapittel 1. Tidsperiode: 1850-1899.....	5
Kapittel 2. Tidsperiode: 1900-1945.....	8
Idrett og fritid.....	12
Kapittel 3. Tidsperiode: 1946-1980.....	12
Kapittel 4. Tidsperiode: 1981-2023	16
Utvida samfunnsanalyse Bergen 1850-2023	20
Tidsperiode: 1850-1899.....	21
Tidsperiode: 1900-1945.....	25
Tidsperiode: 1946-1980.....	29
Tidsperiode: 1981-2023.....	32

Innleiing

Samfunnsanalysen gjev ei kortfatta skildring av viktige samfunnstrekk ved Vestland og Bergen i perioden 1850-2023. Delinga by-omland skuldast Bergen si dominerande rolle i regionen, noko som viser att i aktørar som skapar privatarkiv. Bergen har i uminnelege tider vore hovudstaden og kraftsenter i vest, med eit nærings- og organisasjonsliv som skil seg ein del frå resten av regionen.

Samfunnsanalysen gjev døme på bedrifter, organisasjonar og institusjonar, men siktar ikkje mot å vere uttømmande. Hovudmålet med denne analysen er å peike på viktige utviklingstrekk innan nærings- og organisasjonsliv i Vestland, og ikkje gje ei fullgod liste over alle aktørane.

Einskildpersonar skapar også privatarkiv, men ein samfunnsanalyse vil i liten grad kunne fungere som eit verktøy for å fange opp viktige arkiv frå denne aktørtypen.

Folketalsutviklinga ligg som ein grunnleggjande føresetnad for mykje av samfunnssendringane. Demografiske trendar, både fødselsrate og migrasjon, vil såleis indirekte påverke kva arkiv som vert skapte i eit samfunn. Ei kortfatta oversikt over befolkningsutvikling og flyttemønster vil difor innleie samfunnsanalysen for både Bergen og Vestland.

Demografi

Eit høgt fødselsoverskot førte til ein vekst i folketalet i Vestland i perioden frå 1855 til 1900. Dette var på lik linje med utviklinga i resten av landet.ⁱ Veksten var noko høgare for Hordaland enn for Sogn og Fjordane. Folketalet auka med 26,7 prosent i Hordaland medan det auka med 8,2 prosent i Sogn og Fjordane.

Det var framleis ein sterk folkevekst i perioden frå 1900 til 1946. Fødselsoverskott var høgt, men på veg nedover. Folketalet i Hordaland auka med 41,9 prosent i denne perioden. Folketalet i Sogn og Fjordane auke med 9,7 prosent.

Dersom ein ser på Hordaland utan Bergen, gjekk folketalet ned i perioden frå 1946 til 1980.



Hovudårsaka til nedgangen i folketalet var at Bergen innlemma Fana, Laksevåg, Arna og Åsane kommune i denne perioden.ⁱⁱ Fleire av desse kommunane hadde eit høgt folketal. Folkeveksten i Sogn og Fjordane var på 9,3 prosent.

Tendensen i Vestland har vore at sør, kyst og by vinn mens nord, fjord og bygd stagnerer.ⁱⁱⁱ Dermed følgjer Vestland ein større trend i Noreg med fråflytting frå distrikta. Frå 1981 til 2019 vaks befolkninga med 18,1 prosent i Hordaland. I Sogn og Fjordane vaks befolkninga med 3,5 prosent. Dei siste tiåra har innvandring sørga for at folketalet i fleire kommunar har gått i overskot i staden for underskot.^{iv}

Migrasjon

Det var mykje migrasjon frå Vestland i andre halvdel av 1800-talet, både til utlandet og til andre delar av Noreg. I enkelte kommunar i Sogn og Fjordane var det stor fråflytting. Til dømes migrerte ein tredjedel av befolkninga i Aurland i tidsperioden frå 1844 til 1865. Dei fleste drog til USA.^v

I tidsrommet frå 1866 til 1915 var det 7,3 personar per tusen innbyggjar som emigrerte frå Sogn og Fjordane. I Hordaland var det høvesvis 5,5 personar per tusen innbyggjar som forlét landet. Sogn og Fjordane og Hordaland var blant fylka i Noreg med mest utvandring i denne perioden.^{vi}



Utover 1900-talet avtok utvandringa, som følgje av ein strengare innvandringspolitikk i Amerika og nedgangen i den internasjonale økonomien. I denne perioden kom det i gang ein større tilflytting til dei nye industriettsstadane som vart etablert i fylket på begynninga av 1900-talet.^{vii}

Det var lite utvandring etter den andre verdskrigen, men det var noko fråflytting frå Vestland. Folk flytta også på seg innafor fylket sine grenser. Førde (Sunnfjord), Sogndal, Fjell (Øygarden) og Askøy såg ein vekst i innbyggjartalet medan kommunar som Årdal, Aurland, Modalen og Vaksdal var prega av fråflytting.^{viii}

Innvandring har bidratt til ein positiv folkevekst i Vestland og i store delar av Noreg sidan 1990-talet. Russland sin invasjon av Ukraina førte til ein større tilstrøyming av flyktningar i åra 2022 og 2023. Dei største innvandrargruppene i Vestland er frå Polen, Litauen og Syria.^{ix}

Urbanisering

I 1875 var urbaniseringsgraden på 28 prosent i Hordaland, og i Sogn og Fjordane var urbaniseringsgraden på 4 prosent. Bergen hadde ein dominerande posisjon og utøvde alle byfunksjonar for dei to fylka, noko som bidrog til svakare urbanisering i Sogn og Fjordane. Topografien gjorde det også vanskeleg å utvikle større tettstader lengre nord i fylket.^x

Urbaniseringsgraden auka gradvis utover 1900-talet. I 1930 budde 13 prosent av befolkninga i Sogn og Fjordane i tettbygde strøk medan 43 prosent av befolkninga i Hordaland budde i ein by eller i ein tettstad. Prosentandelen av befolkninga som budde i tettbygde strøk hadde auka til 70,6 prosent for Hordaland i 1980. I Sogn og Fjordane var talet på 42,6 prosent.^{xi}

I 2019 budde 83,4 prosent av befolkninga i Hordaland i tettbygde strøk. I Sogn og Fjordane var talet noko lågare på 62,2 prosent. Sogn og Fjordane hadde dermed den lågaste urbaniseringsgraden i landet etter Hedmark og Oppland.^{xii}

Det er i dag 160 tettstader i Vestland. I snitt bur 80 prosent av innbyggjarane i Vestland i ein av desse tettstadane. Dei største tettstadane er Bergen, Askøy og Osøyro.^{xiii}

Kapittel 1. Tidsperiode: 1850-1899

Hovudtrekk

Perioden frå 1850 til 1899 var prega av ei gryande industriutvikling og samfunnsbygging. Liberalisering av handelslovgjevinga og utbygging av kommunikasjons- og transportnettverket gav nye moglegheiter for befolkninga og næringslivet i Vestland.^{xiv} Dei sosiale masserørslene som vaks fram etter 1840, spela ei sentral rolle i nasjonsbygginga, framveksten av det moderne demokratiet og velferdssamfunnet.^{xv}

Primærnæringa

Jordbruks: Ei viktig næring på Vestlandet. Mot slutten av 1800-talet auka interessa for å ta i bruk nye arbeids- og driftsmåtar i jordbruksverket. Produksjonen vart retta meir mot marknaden, og satsing på husdyrbruk førte til eit større fokus på avl, føring og stell av dyr. I bygdene i indre delar av Hardanger og Sogn vart dyrkjingsjord lagt ut til fruktavl.^{xvi}

Fiske: Ein kombinasjon av gardsdrift og fiske var vanlig, særleg i kommunane langs kysten. På 1870-talet forsvann kystsilda og det var nedgangstider i næringa. Periodar utan mykje sild styrka tendensen til å satse meir på jordbruk i midtre og indre strøk på Vestlandet. I ytre strøk satsa dei enda sterkare på fiske. Ny sildeperiode på 1890-talet.^{xvii}

- Det var eit behov for å ha eit sted å oppbevare fisk i påvente av vidare frakt. Dermed vart det bygd fleire ishus langs kysten i denne perioden.^{xviii}

Skogbruk: Det var noko skogbruk i Indre Nordfjord, Indre Sogn, Kvinnherad og på Tysnes. Furu var den viktigaste tresorten.^{xix}

Sekundærnæringa:

Industrien var i frammarsj frå midten av 1800-talet og utover. Likevel var det ikkje før lenger ut på 1900-talet at industrialiseringa skaut fart.^{xx}

- *Bergverksdrift*: Gruvedrift på svovelkis kom i gang på 1850-talet. Det var store og små førekomester av svovelkis på Vestlandet. Det føregjekk også utvinning av annan malm og metall i fylket. På Voss og i Jondal var det nokre skiferbrot.^{xxi}
- *Båtbygging*: Bygging av fiskebåtar og jekter til blant anna sildefiske. Nordlandsfarten bidrog til at småvervar i Sunnhordland og Hardanger utvikla seg til å bli store treskipsbryggeri. To dømer på dette er *Skaalurens Skipsbyggeri* i Rosendal og *Ottesens Skipsbyggeri* på Stord.^{xxii}
- *Bygdehandverk*: Ved midten av 1800-talet vaks det fram ein «halvindustri» knyt til bygdehandverk fleire stadar i fylket. Ein av desse stadene var Osterøy. Både handverkarar, smedar og målarar i Lonevåg og i Hosanger var sysselsett i produksjonen av «ostrakista». På Os vart det produsert rosemåla kister i denne perioden. Dei rosemåla kistene frå Os illustrerer overgangen frå det mobile bygdehandverket til den meir stasjonære verkstadproduksjonen.^{xxiii}
- *Generell industri*: Det var tønnefabrikkar i Bjørnafjorden og Sunnfjord, to teglefabrikkar i Sunnfjord og ein større sjødiffabrikk i Høyanger. Elles var det garveriverksemd på Osterøy og eit par fargeri i blant anna Masfjorden, Aurland, Stad og Luster.^{xxiv}

- *Næring – og nytingsindustri:* Ein bransje i vekst. Produksjon av jordbruksvarer til ein større marknad la grunnlaget for opprettning av fleire meieri i fylket. Samtidig etablerte mølleindustrien seg i kommunane kring Bergen i denne perioden. *Vaksdal Mølle* i Vaksdal og *Tøsse Mølle* på Osterøy var to store møllefabrikkar som vart grunnlagt i 1860-åra.^{xxv}
- *Tekstil- og kledningsindustri:* I den første etableringsfasen fekk den moderne tekstilindustrien fotfeste i Bergen sitt omland. Peter Jebsen og Philip C. Clausen var sentrale i grunnlegginga av tekstilindustrien utanfor Bergen. Det vart også starta opp nokre ullvarefabrikkar på Voss, Kvinnherad, Sogndal og Stryn.^{xxvi}

Tertiærnæringa:

Skipsfart og samferdsel: Utbygging av rutenettet kom i gang i andre halvdel av 1800-talet. Vestlandet fekk eit meir finmaska nettverk av dampskipruter som dekka dei fleste øyar og fjordarmar i fylket.^{xxvii} I 1883 opna den første jernbanestrekninga mellom Bergen og Voss.^{xxviii}

- Lokale etableringar av dampskipruter.^{xxix}
- Fylkesbaatane var ein vellukka satsing i dei nordlege delane av fylket.^{xxx}
- Fjordafarten frakta varar frå bygdene til marknadsbyane og var ein viktig del av jektefarten på Vestlandet.^{xxxi}

Varehandel: Det var ein betydeleg vekst i talet på landhandlarar etter liberaliseringa av handelslovgivinga i 1842 og 1866.^{xxxii}

- Oppretting av samvirkelag, forbruksforeiningar og handelslag.^{xxxiii}

Bank- og forsikring: På 1860-talet skaut sparebankeetableringane fart for alvor.^{xxxiv} Det same var tilfelle for dannninga av ulike trygdelag rundt om i fylket.

- Branntrygdelag, hestetrygdelag og skipsassuranse m.m.^{xxxv}

Turisme: Gjennombrotet for turismen kom med den rutegåande dampskiptrafikken, og var ei viktig inntektskjelde for bygdesamfunnet. Turismen gav nye moglegheiter for heimeyrka og husfliden.^{xxxvi}

- Etablering av nye hotell i Hardanger, Indre Sogn og på Voss.^{xxxvii}

Media: Det vart skipa fleire lokale aviser i perioden etter 1850. Avisene hadde som oftast ein politisk ståstad.^{xxxviii}

Privatskular: Framvekst av folkehøgskular på 1860- og 1870-talet.^{xxxix} Ungdomslag og kristne organisasjonar tok gjerne initiativ til å starta opp eigne ungdomsskular ulike stader i fylket.^{xl}

Organisasjonar, rørsler og foreiningar

Den første landsomfattande frivillige organiseringa går tilbake til 1840-talet. Foreiningane var i hovudsak opptekne av fråhald, religion, misjon og folkeopplysning.^{xli} Vestlandet var eit av kjerneområda for motkulturrørlene: lekmannskristendom, fråhaldssaka og målsaka.^{xlii}

Økonomiske og politiske interesseorganisasjonar

Jordbruk: I andre halvdel av 1800-talet vart det oppretta foreiningar og lag knytt til jordbruket.^{xliii}

- Landboforeiningar.
- Mjøkelag og innkjøpslag.

Fiske: Den første organiseringa av norsk fiskeinteresser skjedde i 1879 då *Selskabet for de norske Fiskeriers Fremme* vart skipa i Bergen. Eit lokallag vart danna i Florø i 1880.^{xliv}

Politikk: Gjennombrotet for parlamentarismen.

- *Politiske parti:* Både *Høgre* og *Venstre* vart danna på 1880-talet. Partia var nasjonsbyggande og hadde klare geografiske tyngdepunkt. Medan kysten var meir konservativ, gjorde *Venstre* det godt i fjordbygdene.^{xlv} *Arbeidarpartiet* var representert i fylket i form av nokre lokale arbeidarlag.^{xlvi}
- *Bondevenrørsla:* Sete sitt preg på den lokale politikken i 1860-og 1870-åra. Rørsla fremma krav om sparsom statshushaldninga, utjamning av klasseforskjellane og kamp mot embetsstyret. Rørsla fekk mest å seia i dei nordlege delane av fylket.^{xlvii}
- *Fråhaldsrørsla:* Oppstod som ein reaksjon på den liberale alkoholpolitikken på 1800-talet. Framveksten av fjordafarten gjorde det enklare for folk å få tilgang til alkohol på skjenkesjappene i Bergen, samtidig som både øl og vin var tilgjengeleg på båtane. Rørsla hadde difor stor gjennomslagskraft i kommunane kring Bergen og ved dei nye industristadane. Kvinner engasjerte seg i fråhaldsrørsla ettersom mennene si drikking påverka hushaldninga. Fråhaldsrørsla kan deles inn i tre typar lag: fråhaldslag, totalfråhaldslag som ofte var nært knyta til indremisjonen og fråhaldslosjane som var ein del av IOGT- ordenen.^{xlviii}
- *Målsaka:* I byrja var målsaka eit by- og elitefenomen, men ved utgangen av 1800-talet var det blitt ein del av bondereisinga. Målsaka spela ei sentral rolle i striden mellom embetsmannen og bonden, og i striden mellom by og land. Eit av dei første lokale mållaga vart stifta i Florø i 1899 under namnet *Firda Mållag*.^{xlix}

Religiøse, humanitære, ideelle og kulturelle organisasjonar

Religion

- *Lekmannsrørsla:* Ei pietistisk trustolking av kristendommen kjenneteikna lekmannsrørsla på Vestlandet. Rørsla vaks kraftig etter at konventikkelpakten vart oppheva i 1842 og lekfolk kunne skipe sine eigne organisasjonar. Tilslutninga var størst i kystbygdene. Bedehusa som rørsla reiste på 1800-talet og 1900-talet var ein viktig møteplass for tilhøyrarane!ⁱ
- *Indre- og ytremisjon:* Dei første misjonsforeiningane vart skipa allereie tidleg på 1800-talet for å drive med ytremisjon. Kvinnene var aktive deltagarar i ytremisjonen og var gjerne organisert i eigne kvinneforeiningar. Ein rekke fellesforeiningar for indremisjonen på Vestlandet vart etablert i perioden mellom 1870 og 1880. Det vart også starta opp fleire barne- og ungdomslag mot slutten av 1800-talet.ⁱⁱ Misjonsforeiningane høyrde enten til statskyrkja eller lekmannsrørsla.ⁱⁱⁱ

Ideell og humanitær verksemd

Det humanitære arbeidet var lenge ein del av misjonsforeiningane sitt arbeid. Ein differensiering kom først i gang på 1900-talet.^{lvi}

Idrett og fritid

- *Idrettsrørsla:* Ungdomslaga spela ei viktig rolle i spreieninga av idretten til bygdene ved at idrett vart tatt inn som ein del av ungdomslaga sin aktivitet. I områda langs kysten, der pietismen stod sterkt, var det lenge ein skepsis til idretten.^{lv}
- *Ungdomsrørsla:* Frilynde ungdomslag vart skipa rundt om i heile fylket på 1800-talet. Folkeopplysning, målsak og fråhaldssak stod ofte sentralt på ungdomslaga sin agenda. Laga dreiv også med song, dans og teater.^{lv}
- *Turistforeiningar:* Skiping av *Den Norske turistforeininga* (DNT) i 1868. Eit lokallag for Bergen og Hordaland vart grunnlagt i 1890. Det dukka også opp lokale turistforeiningar i dei nordlege delane av fylket, men dei var i hovudsak interesseforeiningar for turisthotella.^{lvii}

Kapittel 2. Tidsperiode: 1900-1945

Hovudtrekk

Handelsrestriksjonane som vart innført under den første verdskriga resulterte i ein nedgang i økonomien på 1920-talet. Talet på arbeidslause auka i mellomkrigstida og dei nyestablerte einsidige industrietttstadene vart særleg hardt ramma av lågkonjunkturen. Det var ein ustabil periode, både politisk og økonomisk, prega av konfliktar mellom bedriftseigarane og arbeidarane. Derimot forsvann arbeidsløysa med den tyske okkupasjonen. Industriproduksjonen var låg under den andre verdskriga, men henta seg raskt inn etter at krigen vart avslutta.^{lviii} I denne perioden byrja organisasjonssamfunnet å bli meir differensiert.

Primærnæringa:

Jordbruket: Næringa vart effektivisert ved hjelp av nye driftsmetodar som omforma jordbruket. Bøndene heldt fram med å legge til rette for meir husdyrbruk og auka samtidig produksjonen av mjølk.^{lviii}

Pelsdyroppdrett var ei viktig attåtnæring i mellomkrigstida, og Sogn og Fjordane var det nest største pelsfylket i landet.^{lxix}

Fiske: Ei nyvinning på 1900-talet var industrialiseringa av fiskeflåten. Installasjon av motor på fiskebåtar gav ein lengre drift-sesong for fiskarane. Fiskarane gjekk over til å bruke drivgarn og snurpenot som var meir effektivt ved sildefiske enn settegarnet og landnota. Det var framleis bønder som livnærte seg av å drive med ein kombinasjon av jordbruk og fiske.^{lx}

- Notlag vart skipa for å utnytte fiskeressursane på best mogleg måte.^{lxii}
- Fiskeleveranse var ernæringsmessig viktig for tyskarane sin krigsøkonomi. Tyskarane sørga difor for å at fiskeprisane vart auka. Høgare prisar gav fiskarane moglegheit for god inntening.^{lxii}

Skogbruk: Vidareføring frå førre periode.

Sekundærnæringa:

På 1900-talet kom det store gjennombrotet for industrien. I forbindelse med industrireisinga, vaks det fram nye industritettstader som vart bygd opp rundt ei hjørnestearinsbedrift. Tilgang til kraft var essensielt for framveksten av industritettstadane i fylket.^{lxiii} Parallelt med utviklinga av den nye storindustrien, eksisterte det også ein småskala industri som var retta meir mot heimemarknaden. Denne industrien hadde faglege røter i bygdehandverk eller husflidstradisjonar.^{lxiv}

Enkelte bransjar opplevde ein økonomisk oppgang under krigen. Det gjaldt særleg for bedrifter som hadde sikra seg lager av viktige råstoff, og som framstilte varar eller tenester som var etterspurt av tyskarane. Det var først og fremst bygg- og anleggbransjen og jern- og metallindustrien.^{lxv}

- *Bergverk:* I 1907 vart Stordø Kisgrube grunnlagt på Stord for å utvinne svovelkis. Verksemda var i drift fram til 1968. I Nærøydalen i Aurland var det førekommstar av anortositt som vart brukt til å framstille aluminium. Utvinning av anortositt kom først i gang under okkupasjonen på 1940-talet.^{lxvi} Elles var det noko steinindustri på Bømlo og i Vik. På Osterøy vart det utvinna nikkel fram til 1945.^{lxvii}
- *Treforedlingsindustri:* Sagbruk, snikkarverkstader og høvleri fleire stadar i fylket.^{lxviii}
- *Elektrokjemisk og metallurgisk industri:* Framvekst av industritettstader i Odda, Ålvik, Svelgen, Stongfjorden, Høyanger og Årdal i samband med etableringa av den kraftkrevjande industrien. Industrien bestod av aluminiumsfabrikkar og smelteverk som produsererte sink, cyanamid, ferrosilisium og ferrolegering.^{lxix}
- *Båtbygging:* Satsing på bygging av motorkutterar, dampbåtar og slepebåtar ved skipsbyggeria i Sunnhordland.^{lxx}
- *Mekaniske verkstader:* Mange av verkstadene retta produksjonen mot skipsindustrien. Både Wichmann Motorfabrikk på Bømlo og Florø Mekaniske Verksted laga motorar til båtar. På Askøy vart det anlagt syv mekaniske verkstader og slip mellom 1912 og 1919.^{lxxi}
- *Næring- og nytingindustri:* Mølleindustrien var i tilbakegang. Samtidig var det ein auke i talet på meieri, bakeri og slakteri i fylket. Produksjon av hermetikk var viktig for industrisysselsetjinga i kystkommunane.^{lxxii} I tillegg vart det starta opp fleire saft- og brusfabrikkar og konservesfabrikkar for frukt og bær ymse stader i fylket.^{lxxiii}
- *Generell industri:* Enkelte verksemder som garveri og fargeri vart vidareført i denne perioden. I tillegg vart det etablert nokon ny industria i fylket, som var ein vidareføring av gamle handwerkstradisjonar. Til dømes vart det skipa skofabrikkar på Voss og Sunnfjord, og ein skifabrikk i Fjaler. Åsnes Skifabrikk var ein hjørnestearinsbedrift i Fjaler. Ein større møbelindustri vokste fram på Osterøy, i Lindås og i Bjørnafjorden. Det vart også skipa nokre trevarefabrikkar i Bjørnafjorden og i Kvam.^{lxxiv}
- *Tekstil- og kledningsindustri:* Vidareføring frå førre periode.
- *Vasskraft:* Opprettning av kraftlag og ei storstilt utbygging av vasskrafta. Utbygginga var essensiell for oppstarten av den kraftkrevjande industrien.^{lxxv}
- *Bygg- og anlegg:* Nye entreprenørforetak dukka opp på under den andre verdskriga. Mange av føretaka samarbeidde med okkupasjonsmakta.^{lxxvi}

Tertiærnæringa:

Skipsfart og samferdsel: Det føregjekk ein utbygging av rutenettet til dampbåttrafikken fram til 1940-talet. Vegutbygging var eit tiltak mot arbeidsløyse i mellomkrigstid.^{lxxvii}

- Danning av nye kystruteselskap.^{lxxviii}
- Frakt av sand frå sandgruvene på Stamnes til Bergen var ei stor næring i perioden frå 1900 til 1930.^{lxxix}
- I samband med frakt av turistar vart det starta opp rutetrafikk med bil på 1900-talet.^{lxxx}

Handel: Vidareføring frå førre periode.

Turisme: Næringa var prega av ein nedgang etter 1914 som varte heilt til 1930-talet.^{lxxxi}

- Bygging av hotell og pensjonat på begynninga av 1900-talet.^{lxxxi}

Bank- og forsikring: Etablering av fleire bankar og trygdelag. Krise for bankvesenet i 1920-åra då høgkonjukturen tok slutt.^{lxxxiii}

Media: Produksjon av fleire og billigare aviser gjorde at aviser vart til allemanneige i løpet av 1900-talet.^{lxxxiv}

Privatskular: Vidareføring frå førre periode.

Organisasjonar, rørsler og foreiningar

Organisasjonssamfunnet styrka seg og vart meir differensiert. I mellomkrigstida vart mange organisasjonar, særleg innanfor helse- og sosialfeltet, ført stadig nærmare statelege og kommunale styresmakter.^{lxxxv}

Under den andre verdskrigen gjekk aktivitetsnivået i organisasjonssamfunnet ned, som følgje av tyskarane sitt forsøk på å nazifisere store delar av organisasjonssamfunnet.^{lxxxvi}

Økonomiske og politiske interesseorganisasjonar

Jordbruk: Bøndene gjekk saman om å

organisere sine interesser.^{lxxxvii}

- Samvirkelag.
- Fjøskontroll.
- Bondelag, bonde- og småbrukarlag og andre slike fagorganisasjonar.

Fiske: Eit av dei første fiskarlaga starta opp på Måløy i 1903, og i dei påfølgjande åra kom det til fleire slike yrkessamanslutningar i heile fylket. Ei samanslutning for alle fiskarlaga vart etablert i 1926 ved Norges Fiskarlag.^{lxxxviii}

Vidare vart det skipa sal- og eksportlag for ulike typar fisk. Håbrannfiskane gjekk saman og danna Håbrandfiskerenes Salslag i 1934 medan foreininga Firda Exportlag vart oppretta i 1923. Etablering av regionale lag kom i gang etter den andre verdskrigen.^{lxxxix}

Fagrørsla: Den organiserte fagrørsla og fagforeiningane på Vestlandet vaks fram som ein del av ein todelt industristruktur, knytt til dei einsidige industristadane på den eine sida og til den lokal baserte småindustrien på den andre sida.^{xc}

Arbeidsgivarforeiningar: Arbeidsgivarforeiningane var ein reaksjon på at arbeidstakarane gjekk saman i fagforeiningar. Den landsomfattande *Norsk Arbeidsgivarforeining* (NAF) vart formelt stifta i 1900. Det var fleire bedrifter frå Sogn og Fjordane og Hordaland som meldte seg inn i *Norsk Arbeidsgivarforeining*.^{xcii}

Politikk: Motrørslene fekk gjennomslag for mange av sine kampsaker.

- *Politiske organisasjoner:* Tilvekst av nye politiske parti. *Bondepartiet* vart skipa i 1920 og fekk gjennomslag for si politikk i Sogn og Fjordane. *Kristeleg Folkeparti* vart skipa i Bergen i 1933 som ein reaksjon på kristlege krinsar si misnøye med *Venstre*. Partiet tok mange av *Venstre* sine veljarar i kystkommunane. Dei to andre småpartia som vart etablert i 1930-åra var *Nasjonal Samling* og *Samfundspartiet*. *Nasjonal Samling* hadde lite oppslutning i fylket. Samfundspartiet fekk noko tilslutning langs kysten, men svært avgrensa. I 1923 vart *Norges Kommunistiske Parti* danna. Partiet gjorde det godt i dei nye industritettstadene.^{xcii}
- *Fråhaldsrørsla:* I 1919 vart det arrangert ei rådgivande folkeavrøysting om brennevinsforbod. Fleirtalet av befolkninga stemte for eit forbod som vart innført i 1921. Fråhaldssaka stod sterkt på Vestlandet i denne perioden.^{xciii}
- *Målsaka:* Lærarane gjekk i brodden for målsaka og var ofte initiativtakarar til oppretting av lokale mållag.^{xciv}

Religiøse, humanitære, ideelle og kulturelle organisasjoner

Religion

- *Lekmannsrørsla:* I 1913 vann rørsla kampen om retten til fri nattverd. Dermed kunne dei utføre nattverd utan at ein prest forretta. Kristne foreiningar hadde ein dominerande posisjon i organisasjonssamfunnet. Likevel var det lokale forskjellar i fylket. Til dømes var det få kristne foreiningar i Odda.^{xcv}
- *Ytre- og indremisjon:* Vidareføring frå førre periode.

Ideell og humanitær verksemd

- *Kampen mot tuberkulose:* Sanitettslag, helselag og bondekinnelag. Laga bestod i hovudsak av kvinner som var engasjert i kampen mot tuberkulose. Dei arbeidde mellom anna for å samle inn pengar for å få reist tuberkuloseheim og sjukehus.^{xcvi}
- *Blinde, døve og stumme:* Både blinde, døve og stumme fekk sine eigne organisasjoner på 1900-talet.^{xcvii}
- *Husmorlag:* I vekst. Laga ønsket å betre kåra og den sosiale statusen for heimearbeidande kvinner.^{xcviii}
- *Arbeidslauseforeiningar:* Industritettstadene vart hardt ramma av lågkonjunkturen i mellomkrigstida. Både i Høyanger og Odda vart det oppretta foreiningar for arbeidslause.^{xcix}
- *Raude Kors:* Ein frivillig humanitær hjelpeorganisasjon. Talet på lokale Raude kors lag auka utover 1900-

talet.^c

Idrett og fritid

- *Idrett:* I 1919 vart Norges Landsforbund for idrett etablert og samla mange av dei lokale idrettslaga inn under seg.^{cii} På 1920- og 1930-talet vart det skipa fotballag, handballag og friidrettslag fleire stader i fylket. I enkelte regionar kom ikkje idrettsrørsla i gang før etter den andre verdskrigen.^{cii}
- *Arbeidsidretten:* Arbeidarane ønskte å skape ein motkultur til den borgarlege idretten med sine eigne idrettslag.^{ciii}
- *Ungdomslag:* Ei blømingstid for ungdomsrørsla. Husa deira var viktig for lagsaktiviteten.^{civ}
- *Song- og musikklag:* Dei første reine song- og musikklag vart oppretta i denne perioden.^{civ}
- *Sogelag:* Skiping av sogelag starta tidleg på 1900-talet i mellom anna Hardanger, Sunnhordland og Nordfjord.^{cvi}

Kapittel 3. Tidsperiode: 1946-1980

Hovudtrekk:

Ei større satsing på industrien resulterte i ei sentralisering av busettinga, og flytting av arbeidskrafta frå primæringane til industrien. På 1960-talet starta velferdsutbygginga for alvor og den offentlege sektoren vaks i omfang. Det var også ei auke i talet på kvinner som utdanna seg og deltok i løna arbeid etter 1960. Ein av konsekvensane av denne trenden var ein auke i utbygginga av barnehagar.^{cvi} Mot slutten av perioden byrja motørslene å miste sin innflytelse og oppslutning i samfunnet.^{cvi}

Primærnæringa:

Jordbruk: Jordbruksmekaniseringa vart mekanisert i løpet av dei første tiåra etter krigen. Både traktorar, silofør og mjølkemaskinar vart tatt i bruk på dei fleste gardar. Samtidig vart det stadig færre gardsbruk i fylket. Moderniseringa av jordbruksmekaniseringa ført til at jordbruksmekaniseringa klarte å auke sin produksjonsevne.^{cix}

- Det allsidige dyrehaldet vart avløyst av eit einsretta storfe- eller sauahald.^{cx}

Skogbruk: Ei storstilt skogplanting kom i gang etter krigen.^{cxi}

Fiske: Danna grunnlaget for eit mangfaldig næringskompleks langs kysten.^{cxii} Næringsstrukturen vart effektivisert på 1950- og 1960-talet. Ved å ta i bruk ringnot, ekkolodd, sonar og kjøletank kunne fiskarane dra lengre ut frå kysten for å fiske. Overgangen til kraftblokk i fiskeflåten fekk ein stor betydning for bruken av nye og meir effektive nøter på båtane. Kombinasjon av jordbruk og fiske som leveveg forsvann på 1960-talet då lønsemada gjekk ned i jordbruksmekaniseringa og fiske svikta.^{cxiii}

Akvakultur: Fiskeoppdrett starta opp som ei attåtnærering langs kysten på 1960-talet. I 1978 skipa næringa *Fiskeoppdretternes Salslag A/L* for å få ein organisert omsetting av oppdrettsfisken.^{cxiv}

Sekundærnæringa:

På 1970-talet byrja avindustrialiseringa av samfunnet. Strukturrasjonaliseringa av industrien førte til at arbeidsplassar innanfor den tradisjonelle industrien forsvann. Olje- og gassindustrien som vaks fram på 1960-talet dempa nokre av dei negative effektane av avindustrialiseringa på Vestlandet.^{cxv}

- *Bergverksdrift:* Det statseigde Årdal og Sunndal Verk og Elkem gjekk saman om å danne selskapet Anortal i 1977 for å utvinne anorthosit i Nærøydalen.^{cxvi}
- *Olje- og gass:* Funn av olje- og gass i Nordsjøen på 1960-talet. Oljebasar og raffineri vart etablerte på Mongstad, Ågotnes og Florø i 1970-åra.^{cxvii}
- *Treforedlingsindustri:* Vidareføring frå førre periode.
- *Elektrokjemisk og metallurgisk industri:* Etterspørselen etter aluminium var stor i etterkrigstida. Aluminiumsfabrikken i Odda auka sin produksjonskapasitet og ein ny fabrikk vart starta opp i Årdal i 1948. I 1966 opna ein aluminiumsfabrikk opp på Husnes.^{cxviii}
- *Tekstil- og kledningsindustri:* Prega av ein tilbakegang etter 1950. Områda rundt Bergen klarte likevel å halde på sin sterke posisjon i tekstilindustrien.^{cix}
- *Nærings- og nytingsindustri:* Dei små bygdemeieria og lokale slakteri vart erstatta av distriktsmeieri og regionale slakteri på 1950-talet. Produksjon av fiskehermetikk var ein stagnerande industri. Mange av hermetikkfabrikkane vart lagt ned i løpet av 1970-talet.^{cxx}
- *Fruktlager:* Det vart bygd fruktlagar i Indre Sogn og Hardanger på 1940- og 1950-talet. Fruktlagera var pakkesentralar og hadde kjøleanlegg.^{cxxi}
- *Generell industri:* Nedgang i antal garveri, fargeri, trevarefabrikkar og møbelfabrikkar.^{cxxii}
- *Verftsindustri:* Tyngdepunktet til verftsindustrien låg i sør, men det var også verftsindustri i dei nordlege delane av fylket. På slutten av 1970-talet retta mange verft verksemda si mot oljeindustrien. Til dømes bygde Aker Stord oljeplattformer.^{cxxiii}
- *Båtbygging:* Det vart bygd både fiskebåtar, redningsbåtar, ferjer og fritidsbåtar i Floppen, Hyllestad, Stord, Fitjar og Os. Omlegging til stål og plast etter 1960. Nordhuglo Båtbyggeri på Stord er eit eksempel på ei bedrift som lagde fritidsbåtar av plast.^{cxxiv}
- *Vasskraft:* Vidare utbygging av vasskrafta. Stortinget vedtok å verne fleire vassdrag mot kraftutbygging på 1970-talet. Det førte til konflikt mellom Stortinget og lokale styresmaktar ved enkelte høve.^{cxxv}

Tertiærnæringa:

Skipsfart og samferdsel: Etter krigen starta ei storstilt vegbygging for å binde saman fylket.^{cxxvi}

- Mindre rutebilselskap gjekk saman for å danne større selskap.^{cxxvii}
- Fjordtrafikken byrja å tape terreng mot landtransport.^{cxxviii}

Handel: Opphevinga av filialforbotet i 1951 betydde at handelsfirma kunne vekse ved å opprette filialar. Kjedene slo an både i grossist- og detaljistledd på 1960-talet.^{cxxix}

Bank- og forsikring: Samanslåing av mange lokale bankar etter 1960.^{cxxx}

Turisme: Velstandsauke og meir fritid blant befolkninga gav ein eksplosiv vekst i næringa.^{cxxxii} Enkelte bygder på Vestlandet valde å tilpasse næringslivet til bilturismen som vaks fram på 1960-talet.^{cxxxii}

Media: Vidareføring frå førre periode.

Privatskule: Det offentlege tok i stor grad over organisering og drift av skular for barn- og ungdom. Dermed gjekk talet på privatskular i fylket ned.^{cxxxiii}

Eigedom: Oppretting av bustadbyggelag og burettslag etter krigen.^{cxxxiv}

Organisasjonar, rørsler og foreiningar:

Organisasjonssamfunnet byrja å endre seg på 1960. Motrørslene gjekk tilbake i oppslutning. Derimot var det ein kraftig vekst i talet på organisasjonar innanfor kultur, song- og musikk, idrett- og andre fritidsorganisasjonar.^{cxxxv}

Økonomiske og politiske interesseorganisasjonar

Jordbruk: Vidareføring frå førre periode.

Fiske: Vidareføring frå førre periode.

Fagrørsla: *Landsorganisasjonen* (LO) var den største hovudorganisasjonen, men det vart også etablert andre hovudorganisasjonar i slutten av denne perioden.^{cxxxvi}

Arbeidsgivarforeiningar: Det var stor tilslutning av arbeidsgivarforeiningar til NAF (NHO) etter 1945. Enkelte sjølvstendige arbeidsgivarforeiningar valde å stå utanfor NAF.^{cxxxvii}

Politikk: Kvinner kom for alvor med i politikken i løpet av 1970-talet.^{cxxxviii}

- Nokre parti forsvann og nye kom til etter krigen. *Anders Lange sitt parti*, seinare kjent som *Framstegspartiet*, og *Raud Valallianse* vart begge skipa i 1973. *Sosialistisk Venstreparti* vart stifta i 1975. *Bondepartiet* bytta namn til *Senterpartiet* i 1959.^{cxxxix}
- *EF-striden:* Ein viktig kampsak for dei politiske partia. Striden førte til at *Venstre* vart delt i to i 1973.^{cxl}
- *Fråhaldsrørsla:* På retur, men i ujamn takt.^{cxi}
- *Målsaka:* Bygdene i Hordaland og Sogn og Fjordane heldt fram med å vere bastionar for målsaka.^{cxlii}
- *Natur- og miljøvern:* Det var ein aukande interesse for naturvernarbeid på 1960-talet.^{cxliii}

Religiøse, humanitære, ideelle og kulturelle organisasjonar

Religion

- *Lekmannsrørsla:* Rørsla hadde enno ei betydning for folk på Vestlandet, men ikkje like mye som tidlegare. Det vart stifta nye organisasjonar for barn- og unge, og fleire av dei knyta seg til ulike misjonsforeiningar.^{cxliv}

- *Andre trusretningar*: Eit lite innslag av andre trusretningar. Ulike kristne trussamfunn utgjorde det største innslaget av andre trusretningar.^{cxliv}

Ideell og humanitær verksemد

Talet på humanitære- og sosiale organisasjonar auka kraftig fram mot 1980-talet. Raudekorsslag, redningsforeiningar, helselag, bondekvinnelag og lag for sjuke- og funksjonshemma opplevde den sterke veksten.^{cxlvii}

- *Heim og familie*: Etablering av husmorlag i store delar av fylket på 1950-og 1960-talet.^{cxlviii}
- *Pensjonistlag*: Det vart skipa fleire pensjonistlag i denne perioden. Laga ønskete betre velferda for dei eldre.^{cxlviii}
- *Velforeiningar*: Ein oppblomstring av velforeiningar i etterkrigstida. Foreiningane arbeidde mellom anna for å tryggje folk sine nærmiljø.^{cix}
- *Rotaryklubb og Lions-klubb*: Skiping av nye lokallag etter krigen.^{cl}

Fritid og idrett

Frammarsj av «fritidssamfunnet» med meir spesialisering og eit større mangfold av organisasjonar.^{cli}

- *Idrettsrørs/a*: Frå 1960-talet og utover fekk idretten eit større innslag av kvinner. Fotball var den dominante idretten.^{clii}
- *Song- og musikk*: Oppretting av skulemusikklag, orkestarforeiningar, korforeiningar og songlag på 1950- og 1960-talet.^{cliii}
- *Barneorganisasjonar*: Ein av dei største barneorganisasjonane i fylket var 4H-rørsla. Det vart stifta mange lokale 4H organisasjonar etter 1950.^{cliv}
- *Folkeakademi*: Vekst i talet på lokallag i denne perioden. Folkeakademiet hadde som mål å formidle allmennytting kunnskap og vere kulturelt vekkande.^{clv}
- *Andre fritidsorganisasjonar*: Bridgeklubbar, sjakklag, fotoklubbar m.m.^{clvi}

Hovudtrekk:

Vestland gjekk frå å vere eit industrialsamfunn til å bli eit teneste- og informasjonssamfunn. Samtidig var produksjonsnæringane framleis viktig for verdiskapinga.^{clvii} I løpet av dei siste førti åra har globaliseringa knytt Vestlandet tettare til resten av verda. Klimautfordringar, korona epidemi, strømkrisa og krigen i Ukraina har gitt utfordringar for samfunnet og næringslivet i fylket. I 2020 vart Hordaland og Sogn og Fjordane slått saman til storfylket Vestland.^{clviii}

Primærnæringa:

Jordbruksnæringa: I denne perioden har det blitt lagt vekt på effektivisering, marknadsstyrte produksjon og internasjonalisering i jordbrukssektoren. Større krav til effektivitet og produktivitet har forsterka trenden frå førre periode med ei nedgang i talet på gardsbruk i fylket.^{clix}

- Eit meir intensivt hagebruk med hovudvekt på frukt- og bærprodukter i Hardanger, Sogndal og delar av Nordfjord.^{clx}
- Satsing på nye næringar og marknader: økologisk drift, produksjon av småskala gardsmat og sal frå gardsbutikkar.^{clxi}

Skogbruk: Næringa hadde ei verdiskaping på 276 millionar kronar i 2020. Det var 11 prosent av den samla verdiskapinga for landbruket i fylket. Gran var den viktigaste tresorten.^{clxii}

Fiske: Teknologisk utvikling og effektivisering har ført til meir regulering av fiske. Talet på fiskarar og fiskebåtar har gått ned, men innteninga til fiskarane har ikkje blitt redusert.^{clxiii}

- Fiskarane ilandførte fangstar til ein førstehandsverdi på ca. 4,5 milliardar i 2018. Det var 21,3 prosent av verdien av landets oppfiska kvantum.^{clxiv}

Akvakultur: Fiskeoppdrett har blitt ei ekspansiv vekstnæring langs kysten. Næringa gav ein knoppskyting i elektronikkbransjen, mekaniske verkstadar og konsulentarbeid på fleire felt, dykkarfirma o.l.^{clxv}

- Austevoll og Kvinnherad er to store oppdrettskommunar i fylket.^{clxvi}

Sekundærnæringa:

Det har kome i gang ei omstilling i industrien for å redusere mengda av CO₂-utslepp frå næringa.^{clxvii}

- *Elektrokjemisk- og metallurgisk industri:* Den kraftkrevjande industrien har måtte omstille seg etter endringar i den internasjonale marknaden og nasjonale politiske rammer. *Bremanger Smelteverk* er ei av bedriftene som har klart å tilpasse seg ved å fornye sin produksjon. Smelteverket gjekk frå produsere rujern til å produsere mange hundre raffinerte metallprodukt innanfor ferrolegeringar, silisiummetall og microsilicia.^{clxviii}
- *Olje- og gass:* Ein viktig industri, særleg langs kysten. Sysselsetjinga gjekk opp frå 7 341 i 1983 til 16 777 i 2003. I 2020 hadde sysselsetjinga gått ned til 13 220. Næringa utgjorde 55,5 prosent av Vestland sin nasjonale vareeksport i 2019.^{clxix} Eit nytt prosessanlegg vart anlagt på Kollsnes i 1996.^{clxx}

- *Næring- og nytingsindustri*: I 2020 var det sysselsett 5 223 personar i næringa. Av den samla sysselsetjinga var 66 prosent sysselsette i kommunane i gamle Hordaland, og 34 prosent var sysselsette i kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Eit fleirtal av dei sysselsette arbeida med konservering og foredling av fisk, skaldyr og blautdyr.^{clxxi}
- *Tekstil- og kledningsindustri*: Sysselsetjinga i tekstilindustrien utgjorde 3 prosent av industrisysselsetjinga i 2017. Ein av dei få attlevande tekstilfabrikkane i fylket er *Dale Fabrikkar* i Vaksdal.^{clxxii}
- *Verft og offshore verksemd*: Verfta heldt fram med å vere ein leverandør for oljeindustrien. Enkelte bedrifter har starta med å produsere «grøn teknologi». Ein av dei er *Aker Solution Stord*.^{clxxiii}
- *Båtbygging*: Bygging av fritidsbåtar i plast, hurtigbåtar og el-ferjar. I 2016 fekk *Havyard Ship Technology* i Hyllestad i oppdrag å produsere tre el-ferjar til reierselskapet *Fjord1 ASA*. I 1982 var det slutt for *Nordhuglo Båtbyggeri*.^{clxxiv}
- *Bygg- og anlegg*: Den tredje mest verdiskapande næring i fylket. I 2018 var verdiskapinga på 23,1 mrd. kronar.^{clxxv}
- *Vasskraft*: Vestland er eit viktig kraftfylke. Den årlege produksjonen av vasskraft står for om lag 25 prosent av kraftproduksjonen i Noreg. Dei største kraftanlegga finn ein i Aurland, Eidfjord og på Voss.^{clxxvi}
- *Vindkraft*: I 2022 utgjorde produksjonen i Vestland 10 prosent av vindkraftproduksjon i Noreg. Kinn og Fitjar har dei største vindparkane i fylket.^{clxxvii}
- *Fornybar energi*: Eit nytt satsingsområde. Det gjeld både med tanke på utbygging av vassverka og meir investering i vindkraft, bioenergi og anna fornybar energi.^{clxxviii}

Tertiærnæringa:

Dei siste tiåra har det vore ein sterk vekst i sysselsetjinga knytt til forretningsmessig og bedriftsretta tenesteyting.^{clxxix}

Skipsfart og samferdsel: Talet på tilsette innafor sjøtransport har sett ein nedgang sidan 1960-talet. Transport av varer og folk har i større grad blitt flytta over til landevegen og lufta.^{clxxx}

- Vegnettet mellom Austlandet og Vestlandet vart betra ved opninga av Lærdalstunnelen i 2000.^{clxxxi}

Handel: Bygging av fleire kjøpesenter i fylket. Store kjeder har i tillegg tatt over og erstatta mange av dei lokaleidige handelslag.^{clxxxii}

- Opprettning av nettbutikkar og meir handel på nett.^{clxxxiii}

Bank- og forsikring: Har hatt ein jamn og sterk produktivitetsutvikling med teknologiske nyvinningar. Dei siste tiåra har mange bankar gått saman i større einingar.^{clxxxiv}

Turisme: Hotellbransjen og andre næringar knytt til turismen vart hardt ramma av koronakrisa i åra 2020 til 2022.^{clxxxv}

- Cruiseturisme i Hardangerfjorden, Nærøyfjorden og Lustrafjorden har hatt ei særleg betydning for turistnæringa i Vestland.^{clxxxvi}

Media: Mindre sal av papiraviser, men heller ein auke i talet på abonnement av aviser på nett.^{cxxxvii}

- Formidling av nyheter på sosiale medium.^{cxxxviii}

Privat tenesteyting: Meir forretningsmessig- og bedriftsretta tenesteyting: datatenester, juridisk rådgiving, konsulenttenester, hjelp til marknadsføring og anna privat tenesteyting.^{cxxxix}

Organisasjonar, rørsler og foreiningar:

Aukande profesjonalisering og spesialisering av organisasjonslivet. Samtidig har organisasjonane blitt meir saks- og eigenorientert enn samfunnsorientert.^{cxc} Mange lokallag knytt til misjonsrørsla, fråhaldsrørsla og sosiale- og humanitære organisasjonar vart lagt ned på 1990- og 2000-talet.^{cxcii}

Økonomiske og politiske interesseorganisasjonar

Jordbruk: Færre bønder har resultert i eit minkande medlemstal.^{cxcii}

Fiske: Ein svak tilbakegang i antal lokallag i fylket.^{cxciii}

Fagrørsla: Ein auke i talet på yrkesaktive kvinner sørga for at medlemstalet i dei ulike foreiningane styrka seg. Enkelte fagforeiningar har slått seg saman for å danne større foreiningar.^{cxciv}

Arbeidsgivarforeiningar: NAF gjekk saman med Norges Industriforbund og Norsk Handverkarforbund å danna Næringslivet Hovudorganisasjon i 1989.^{cxcv}

Politikk: Meir mobilisering og polarisering på sosiale medium.^{cxcvi}

- *Politiske organisasjonar:* Miljøpartiet Dei Grøne vart stifta i 1988 under namnet Dei Grøne. Partiet har fått etablert nokre lokallag i fylket. AKP og Raud Valallianse og gjekk saman for å danne partiet Raudt i 2007.^{cxcvii} Arbeidarpartiet, Venstre, Høgre og Kristeleg Folkeparti har opplevd ein nedgang i organiseringa av lokallag i Vestland.^{cxcviii}
- *EU-strid:* Ny avstemming om EU-medlemskap i 1994. Nei-sida vann med av 52,2 prosent stemmene.^{cxcix}
- *Mangfold- og inkludering:* Anti-rasistiske foreiningar og foreiningar for homofile, lesbiske og transpersonar. I 2018 gjekk ei gruppe ungdomar saman og skipa eit ungdomslag for skeive i Førde.^{cc}
- *Klimaengasjement:* Eit større engasjement i forhold til spørsmålet om menneskeskapte klimaendringar dei siste tiåra. I 2019 vart det arrangert skulestreik for klima i heile landet.^{cci} Eit år seinare stifta Knut Amundsen Folkebevegelsen mot Klimahysteriet i Askøy kommune. Foreininga var mistruisk til at klimaendringane er menneskeskapte.^{ccii}
- *Vindkraftmotstand:* Utbygging av vindkraft på Vestlandet har skapt motstand blant befolkninga. Foreininga Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn vart skipa i Sande i 2019.^{cciii}

Religiøse, humanitære, ideelle og kulturelle organisasjoner

Religion

Det har vore ei klar nedgang i andelen av befolkninga som er religiøs. I 2020 svarte 47 prosent av befolkninga over 16 år at dei tilhørde ein religion eller eit trussamfunn.^{cciv}

- *Lekmannsrørsla:* Har gått kraftig tilbake i heile fylket.^{ccv}
- *Andre trussamfunn:* Dei største trussamfunna utanfor *Den norske kyrkja* var Islam og ulike kristne trussamfunn.^{ccvi}
- *Livssynsorganisasjonar:* Betydeleg auke frå førre periode. Den største livssynorganisasjonen var *Human-Etisk Forbund*.^{ccvii}

Ideell og humanitær verksemd

Bondekvinnelag, husmorlag og helselag sleit i motgang etter 1980.^{ccviii}

- *Humanitære organisasjoner:* Ein tilvekst av forskjellige humanitære organisasjoner som arbeida nasjonalt og internasjonalt. Til dømes *Redd Barna* og *Norsk Folkehjelp*, men også *Røde Kors*.^{ccix}
- *Helse- og sosiale velferd:* Skiping av fleire interesseorganisasjonar for ulike sjukdommar. Det har også blitt oppretta sjølvhjelps- og støtteforeiningar for angstramma personar, pårørande til aldersdemente, funksjonshemma og foreldre til prematur- og dødfødde.^{ccx}
- *Innvandrarorganisasjonar:* Innvandrargrupper har tatt initiativ til å stifte eigne kvinneforeiningar, morsmålforeiningar, hjelpeorganisasjonar og diverse andre foreiningar.^{ccxi}

Fritid og idrett

Fritidsorganiseringa vart standardisert og tok om lag den same forma uavhengig av geografi.^{ccxii}

- *Idrettsrørsla:* Tilvekst av nye idrettar som squash, fekting, tae kwon-do, baseball m.m.^{ccxiii}
- *Ungdomsklubbar:* Opprettning av klubbar for ungdom. Ungdommane har i større grad lagt premissene for organiseringa av klubbane.^{ccxiv}
- *Husflidslag:* Dei første laga vart grunnlagt ved byrja av 1900-talet. Etter 1980-talet har det kome til nye lokallag i heile fylket.^{ccxv}
- *Kulturvern- og kulturminnelag:* Skiping av nye historielag, sogelag og veneforeiningar for lokale kultursentera eller minnesmerka, men også foreiningar som ønskjer å bevare lokal kultur.^{ccxvi}
- *Song- og musikklag:* Har vore prega av ein svak tilbakegang sidan 1990-talet. Skulekorpsa har gått mest tilbake.^{ccxvii}
- *Andre fritidsorganisasjonar:* Mellom anna motor- og MC-klubbar, teaterlag, filmklubbar, riding, båtlag og turlag m.m.^{ccxviii}

Demografi, migrasjon og urbanisering

Demografi

Mellom 1845 og 1875 gjekk Bergen frå å ha 22 341 innbyggjarar til å ha 34 388 innbyggjarar. Eit høgt fødseloverskott gav ein naturlig auke i folketalet. Tilflytting til Bergen bidrog også til ein auke i folketalet. Etter innlemminga av Møhlenpris, Nygård, Kalfaret og Sandviken i 1877 vaks innbyggjartalet ytterlegare. Ved utgangen av 1800-talet var det 72 251 innbyggjarar i Bergen.^{ccxix}

Innlemminga av Årstad i 1915 og Gyldenpris i 1921 hadde stor betydning for folkeauken i Bergen i første halvdel av 1900-talet. I 1946 budde det 110 424 personar i Bergen. Det var ein auke på 53,6 prosent.^{ccxx}


Talet på busette i Bergen gjekk opp frå 110 424 personar i 1946 til 207 922 personar i 1980. Folketalet dobla seg altså i denne perioden. Bergen sin vekst var eit resultat av kommunesamanslåing med Fyllingsdalen i 1955 og Fana, Arna, Laksevåg og Åsane i 1972.^{ccxi}

Frå 1980 til 2023 vaks innbyggjartalet i Bergen med 34,5 prosent. I denne perioden gjekk det samla innbyggjartalet i bydelane Fana, Fyllingsdalen, Loddefjord og Åsane forbi innbyggjartalet i sentrum.^{ccxii}

Migrasjon

Tilflyttinga til Bergen på 1800-talet kom i hovudsak frå Vestlandet. Både Nordhordland, Midthordland, Sunnfjord og Nordfjord gav frå seg innbyggjarar til Bergen. I 1875 var 15 prosent av dei som budde i Bergen frå Sunnfjord, 10,7 prosent frå Nordhordland og 9,2 prosent frå Midhordland.^{ccxiii}

På begynninga av 1900-talet migrerte fleire bergensarar til USA, Canada og andre europeiske land i eit større omfang enn ved tidlegare periodar. Samtidig valde fleire bergensarar å flytte til dei nærliggande nabokommunane. Tilflyttinga til Bergen var ikkje like stabil som i førre periode, og like før den andre verdskrig stoppa tilflyttinga opp. Bergen fekk dermed eit betydeleg flytteunderskot på slutten av 1930-talet.^{ccxiv}



Det var noko tilflytting til Bergen i 1950-åra, men i tiåra etter 1950 opplevde Bergen ei større fråflytting. Mange av dei som flytta frå Bergen busette seg i omlandskommunane.^{ccxv}

I 1999 var meir enn 30 prosent av dei som budde i Bergen fødd ein anna plass. Omtrent 15 prosent var tilflyttarar frå andre delar av Vestlandet. I perioden etter 1980 var det også ein auke i talet på innvandrarar til Bergen, både av arbeidsinnvandrarar og flyktingar.

Den 1. januar 2023 bestod Bergen sin befolkning av ein innvandrargruppe på 19,3 prosent. Dei største innvandrargrupsene var frå Polen, Litauen, Somalia, Ukraina og Syria.^{ccxxvi}

Urbanisering

Bergen vaks hurtig etter 1870 og ei rekke nye bustadstrøk vart etablert i andre halvdel av 1800-talet. Utvidinga gjekk etter kvart utover byen sine eigne grensar og omfatta nærliggande områder som Årstad og Laksevåg.^{ccxxvii}

Bergen fortsette å vokse utover eigne grenser på 1900-talet og fram til 2000-talet. Utbygginga av vegnettet med bruer og tunnelar førte til betydelege vekst i innbyggartalet til Bergen sine omlandskommunar etter 1970.^{ccxxviii}

I 2020 budde litt under halvparten av Vestland sine innbyggjarar i Bergen kommune.^{ccxxix}

Tidsperiode: 1850-1899

Hovudtrekk:

I tidsrommet mellom 1850 og 1899 opplevde Bergen ein ekspansjon trass i skiftande konjunkturar. Næringsgrunnlaget i Bergen fordele seg på handel, skipsfart og industri, og var dermed robust i møte konjekturendringane på 1870-talet. Framveksten av eit meir effektivt kommunikasjonsvesen førte til ein utviding av næringslivet; vareomsetjinga mellom by og land, og mellom by og utland vart mangedobra.^{ccxxx}

Primærnæringa:

Jordbruk: Det var lite jordbruk i bykjernen, men i Fana, Haus (Arna) og Åsane var det gode jordbruksforhold. Dei tre bydelane var sjølvstendige kommunar i denne perioden. Bergen var avhengig av å importere korn og å få tilsendt jordbruksprodukt frå dei omkringliggande kommunane.^{ccxxxi}

Fiske: Fiske var ikkje ei stor næring i Bergen. I 1875 var det registrert tre yrkesfiskarar i kommunen.^{ccxxxii} I staden var det vanleg at fiskebønder frå kystkommunane kom til Bergen for å selje fisken sin på Torget.^{ccxxxiii}

Sekundærnæringa:

I perioden etter 1850 byrja industrien å få fotfeste i Bergensområdet. Dei store fabrikkane vart plassert utanfor bykjernen på grunn av avgrensa tilgang til kraft og den potensielle brannfarene. Eigne samfunn vaks fram rundt dei nye fabrikkane. I bykjernen kom det i gang noko småskala industri og den tradisjonelle handverksindustrien vart meir mekanisert, men Bergen vart ikkje ein utprega industriby.^{ccxxxiv}

- *Mekaniske verkstader og støyperi:* I 1850 vart Wingaards Jernstøperi grunnlagt på Årstad. Støyperiet produserte mellom anna omnar og gryter av jern. AS Laxeaga

Maskin & Jernskipsbyggeri omfatta både eit støyperi og ei mekanisk verkstad. Verftet retta etter kvart verksemda mot reparasjon og bygging av dampskip.^{ccxxxv}

- *Skipsbygging: Bergen Mekaniske Verkstad* (BMV) vart grunnlagt av Michael Krohn i 1856. I 1883 var det tilsett over 500 mann ved BMV. *Mjellem og Karlsen Verft* var eit mindre verft som etablerte seg på Møhlenpris i 1890-åra. Verftet spesialiserte seg på bygging av fjordabåtar og fiskedampsSKIP.^{ccxxxvi} *Georgenes Verft* på Nordnes var det største verftet i Bergen som produsera seglskip av tre. Verftet vart nedlagt i 1890-åra ved overgangen til dampskip av jern.^{ccxxxvii}
- *Kjemisk industri: Bergen kjemiske fabrikk* vart anlagt i 1887 og *Skåleviks kjemiske fabrikk* i 1898. Fabrikkane produserte jod.^{ccxxxviii}
- *Treforedlingsindustri: Alvøen Papirfabrik* starta opp i 1797. I 1864 byrja fabrikken å produsere papir av tremasse.^{ccxxxix}
- *Tekstil- og kledningsindustri: Peter Jebsen* var ein pioner i tekstilindustrien. I 1846 grunnla han *Arne Fabrikk* i Ytre Arna og i 1859 ein trikotasjefabrikk i Salhus. På Hop og i Trengereid vart det opna to trikotasjefabrikkar i 1880-åra, i tillegg til ein ullvarefabrikk på Nestun i 1890.^{ccxl}
- *Næring- og nytingsmiddel: Bergen* var ei viktig importhamn for korn på 1800-talet. Importen av korn spelte ei sentral rolle i utvikling av mølleindustrien rundt Bergen. I denne perioden vaks det også fram bryggeri, bakeri, tobakksfabrikkar og ein sjokoladefabrikk i Bergen.^{ccxli}
- *Generell industri: Garveri, reipsbanar, skofabrikkar, spinneri, veveri, trevarefabrikk, paraplyfabrikk og sølvvarefabrikk.*^{ccxlii}

Tertiærnæringa:

Skipsfart og samferdsel: Skipsfarten vart skild ut som eiga næring mot slutten av 1800-talet. Næringa gav det største bidraget til verdiskapinga i Bergen i 1880-åra, både direkte, i form av kapitalinntekter, og gjennom ringverknadar til andre næringar.^{ccxliii}

- Etter konjunkturnedgangen på 1870-talet tapte seglskip terrenget til dampbåten. I 1880 var ca. 79 prosent av Bergen sin flåte damptonnasje, noko som var langt over landsgjennomsnittet.^{ccxliv}
- *Det Bergenske Dampsikibsselskab* vart grunnlagt i 1851. Selskapet vaks til å bli det største transportselskapet på Vestlandet.^{ccxlv}
- Vossabanen opna i 1883. Det vart også etablert ei lokal jernbanerute mellom Nestun og Os i 1894.^{ccxlii}
- Den internasjonale fraktfarten var viktig for bergenske reiarar. I 1880-åra vart bergenske dampskip ein del av fruktfarten mellom Vestindia og USA.^{ccxlvii}
- Bygging av moderne dampskipskaiar tok til for alvor i 1880-åra.^{ccxlviii}

Handel: Utbygginga av rutenettet med dampskipbåtar og liberaliseringa av næringslivet førte til at den tradisjonelle Nordlandshandelen forsvann frå Bryggen på 1800-talet. I staden etablerte ulike detaljistar og importfirma seg i Nordlandshandelen sine lokale på Bryggen.^{ccxlix}

- Aukande bransjespesialisering innan import- og grossisthandelen. Firma *Gerdt Meyer* og *Aug. C. Mohr & Søn* var leiande kornforretningar. *I.E. Mowinckel* var store innanfor kolonialbransjen.^{ccl}
- Ein generell nedgang i eksport av fiskevarer. Ved inngangen til 1900-talet vart 34 prosent av den eksporterte fisken skipa ut frå Bergen. Det var ein nedgang på 9 prosent frå 1875. Samtidig steig verdien av eksport av fisk- og fiskeprodukt.^{ccli}
- Den tradisjonsrike eksporten av tørrfisk gjekk tilbake, men tørrfisk var likevel ei viktig eksportvare gjennom heile perioden.^{ccli}
- Eksport av manufakturvarer, jordbruksprodukt og gull- og sølvvarer utgjorde 20 prosent byens samla eksport ved utgangen av 1800-talet.^{ccliii}
- Talet på sysselsette innan handel og forretning såg ein tydeleg auke i periode frå 1875 til 1920.^{ccliv}

Media: På 1840-talet byrja det å vekse fram eit pressemiljø med konkurrerande aviser som hadde ulik politisk tilknyting.^{cclv}

- *Bergens Tidene* vart stifta i 1868 og var eit talerøyr for folkerørslene. I 1893 kom den sosialistiske avisa *Arbeidet* ut i Bergen.^{cclvi}
- Tiåra etter 1850 var ei ekspansjonstid for byen sine trykkeri.^{cclvii}

Turisme: Bergen vart eit knutepunkt for den veksande turisttrafikken. Byen var sentrum for skipsfarten til og frå England og danna også utgangspunktet for turane nordover langs kysten.^{cclviii}

- Opprettning av nye hotell, pensjonat og restaurantar mellom 1880 og 1900.

Bank og forsikring: Næringslivet fekk sin eigen bank i 1855 ved *Bergens Privatbank*. På 1850-talet etablerte bankar og kreditinstitusjonar seg i Vågsbunnen i sentrum av Bergen.^{cclix}

- Stifting av sjøforsikringsselskap, brannforsikringsselskap og andre forsikringsselskap.^{cclx}

Privatskular: Det var fleire privatskular i Bergen, både guteskular og pikeskular. Enkelte av skulane vart omdanna til middelskular etter 1860.^{cclxi}

Organisasjonar, rørsler og foreiningar:

Bergen hadde ei framståande rolle i grunnleggingsfasen av motrørslene på Vestlandet.^{cclxii}

Økonomiske og politiske interesseorganisasjonar

Laug: Handverkarane i Bergen hadde vore organisert i laug sidan 1500-talet. Lauga hadde som formål å oppretthalde lokale monopol på handverksmessig arbeid. Samtidig stod dei i konflikt med prinsippet om næringsfridom. Ein lov av 1839 oppheva lauga, og i 1866 bestemte Stortinget at laugsinstitusjonen skulle opphøyra å eksistere i 1869. Dermed var det slutt for dei tradisjonsrike lauga i Bergen. Handverkarar fann derimot andre måtar å organisere seg på.^{cclxiii}

Bransjeorganisasjon: I 1845 gjekk ein gruppe handverkar saman og danna *Bergens Håndværkerforening* for å ivareta sine interesser. På grunn av politiske usemje i foreininga valde ei gruppe høgremenn å forlate *Bergens Håndværkerforening* for å danne *Haandværk- og Industriforening* i 1886. Den nye foreininga hadde eit større innslag av industriarbeidarar.^{cclxiv}

Fagrørsla: Den «moderne» arbeidarrørsla oppstod på 1870-talet, og dansken Sophus Phil var ein sentral skikkelse innanfor rørsla. Han tok mellom anna initiativ til å opprette ei rekke fagforeiningar i Bergen på 1870-talet. Foreiningane vart derimot oppgitt etter få år. I 1880-åra vart det stifta 10 fagforeiningar i Bergen og dei fleste av dei var handverksforeiningar.^{cclxv}

Arbeidsgivarforeiningar: Ein tydeleg organisering av arbeidsgivarforeiningar kom ikkje i gang før på 1900-talet. ^{cclxvi}

Politikken: Dei politiske partia organiserte seg i 1880-åra.^{cclxvii}

- *Politiske parti:* Venstre var det største partiet i Bergen på 1800-talet. *Høgre* si holdning til unionssporstmålet resulterte i at partiet mista veljarar til Venstre. Veljarmassen til *Høgre* bestod i hovudsak av det velståande borgarskapet medan Venstre hadde ein breiare base. Eit lokalt *Arbeidarpartilag* vart stifta i Bergen i 1885.^{cclxviii}
- *Kvinnesaka:* Dei første interesseorganisasjonane for kvinner vart stifta i 1880-åra. Ein av dei var *Bergen Kvinnesaksforening* som vart skipa i 1885.^{cclxix}
- *Målsaka:* Kjøpmannen Henrik Krohn var ein føregangsmann for målsaka i Bergen. Allereie i 1850-åra samla han ein sirkel rundt seg som diskuterte denne tematikken. Gruppa fekk fastare form i 1862, men det var først i 1868 at gruppa vart gjort om til ein organisasjon kjent som *Vestmannalaget*. *Vestmannalaget* er det eldste mållaget i landet.^{cclxx}
- *Fråhaldsrørsla:* Rørsla hadde sterke band til misjonsorganisasjonane i byrja av perioden. Til dømes nytta rørsla seg av omreisande predikantar og la vekt på personleg omvending. *Bergen Totalafholdsforening* starta opp si foreining i 1861. I 1879 danna ei utbrytargruppe *Bergen nye Totalafholdsforening*. Den eldre foreininga var open for alle uansett livssyn, medan den nye foreininga berre ville akseptere medlemmer som vedkjenn seg den lutherske religionen. Fråhaldsrørsla vart meir politisert på 1880-talet.^{cclxxi} Det vart også skipa fråhaldslosjar og fråhaldsorganisasjonar for barn- og ungdom i denne perioden.

Religiøse, humanitære, ideelle og kulturelle organisasjoner

Religion

- *Lekmannsrørsla:* I 1840-åra vart den lutherske statskyrkja sin hegemoni i Bergen utfordra av ei sterk ny rørsle, beståande av misjonsforeiningar og vekkingspredikantar. Denne rørsla ønskte meir deltaking i kyrkjelyden og løyve til å forkynne den kristne bodskapen.^{cclxxii}
- *Andre trussamfunn:* Etter at dissenterlova kom i 1845, valde fleire dissentarsamfunn å danne eigne kyrkjelydar. Romersk katolisme oppretta ein fast kyrkjelyd i Bergen i 1858. Det same gjorde mormonarane. Andre dissentarsamfunn som oppretta eigne kyrkjelydar etter 1845 var: metodistane, baptistane og lutherske frikyrkjelydar.^{cclxxiii}

Ideell og humanitær verksemd

Det kom i gang ein differensiering på slutten av 1800-talet. Bergen fekk sin første sanitetsforeining i 1896 då det vart danna eit lokallag av *Norske Kvinners Sanitetsforening*.^{cclxxiv}

Fritid og idrett

Vekst og differensiering prega idrettslivet i Bergen i tiåra etter 1870. Det var i hovudsak turn og gymnastikk som danna utgangspunktet for den organiserte idrettsrørsla i Bergen.^{cclxxv}

- *Idrett: Bergens Turnforening* starta opp i 1860 og var Bergen sitt første turnlag. Året etter vart *Bergens Vaabenøvelsesforening* skipa. Frå 1860-talet og utover kom det til både seglbåtforeiningar, roklubar, travsportforeiningar og skilag m.m. I 1882 opna *Bergens Turnforening* opp for at folk frå alle samfunnsgrupper kunne delta i foreininga.^{cclxxvi}
- *Song- og musikk: «Buekorps»* var eit særegne bergensk fenomen som oppstod på 1800-talet. Dei eldste korpsa vart stifta i 1850-åra.^{cclxxvii}
- *Turistforeiningar: Turistforeningen for Bergen By og Stift* vart skipa i Bergen i 1890.^{cclxxviii}
- *Fortidsminne- og museumsforeiningar:* Oppretta allereie i 1840-åra. L.C Dahl stod bak organiseringa av *Forening til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring. Bergens Historiske Foreining* vart etablert i 1894.^{cclxxix}

Tidsperiode: 1900-1945

Hovudtrekk:

Bergen opplevde kriser med arbeidsløyse og konkursar i 1920-åra og 1930-åra. Det var også mangel på bustadar etter den store bybrannen i 1916. Trass i tilbakeslaga i mellomkrigstida klarte næringslivet i Bergen seg nokolunde godt på grunn av fordelinga av næringsgrunnlaget. I høve til organisasjonssamfunnet deltok eit større antal av Bergen sine innbyggjarane i ulike organisasjonar, foreiningar eller rørsler.^{cclxxx}

Primærnæringa:

Jordbruk: Vidareføring frå førre periode.

Fiske: Vidareføring frå førre periode.

Sekundærnæringa:

Ein turbulent periode for industrien. Skipsbyggeindustrien byrja å stagnere, samtidig som konfeksjonsbransjen auka sin produksjonskapasitet. Det vart også etablert nye industriar

på begynninga av 1900-talet. Bygg- og anleggsbransjen og jern- og metallindustrien opplevde økonomisk vekst under okkupasjonen.^{cclxxxi}

- *Mekaniske verkstader og støyperi:* Dei mekaniske verkstadene hadde framleis ein samansett produksjon av ulike jernvarer, i tillegg til å drive med skipsbygging og reparasjon. Under den andre verdskriegen utførte enkelte bedrifter vedlikehaldsarbeid på oppdrag frå tyskarane.^{cclxxxii}
- *Skipsbygging:* Verfta i Bergensområdet såg ein nedgang i nybygg målt i tonnasjen. Verfta var ikkje konkurransedyktig i høve til pris og reiarar valte difor å gi byggeoppdraga til utanlandske verft.^{cclxxxiii}
- *Tekstil- og kledningsindustri:* Større konkurranse frå billege importvarer. Likevel auka sysselsetjinga i næringa. Det var først og fremst konfeksjonsfabrikkane som opplevde ein vekst.^{cclxxxiv}
- *Næring- og nytingsmidla:* I mellomkrigstida vart kornmøllene lagt under stateleg kontroll. Bergen mista dermed sin posisjon som viktig kornimporthamn. I 1934 opna byen sin første ostefabrikk på Årstad under namnet O. Kavli AS. Både Hansa Bryggeri AS og Ditlef Martens AS utvida drifta.^{cclxxxv}
- *Generell industri:* Oppretting av eit valseverk, blikktrykkeri, motorfabrikkar, bilverkstader og produksjon av elektriske artiklar.^{cclxxxvi}
- *Bygg- og anlegg:* Ein bransje som gjorde det godt i mellomkrigsåra. Det vart også starta opp nye bergenske entreprenørfirma som var engasjert i bygg- og anleggsarbeid under krigen.^{cclxxxvii}

Tertiærnæringa:

Skipsfart og samferdsel: Skipfartsnæringa var prega av nedgang etter 1920. I 1938 hadde 28 av 60 reiarar gått konkurs. Dei bergenske reiarane kom på etterskot både i overgangen frå ein-skipsreiarlag til moderne fleirskipstreiarlag og i moderniseringa av flåten.^{cclxxxviii}

- Bergen hadde den største hamnetrafikken i landet målt i antal anløp. Den steig frå 15 500 i 1914 til 36 800 i 1939.^{cclxxxix}
- Bergensbanen opna i 1909.^{ccxc}
- Det kom i gang ei større vegbygging til Bergen sitt omland.^{ccxci}
- Oppretting av billag og automobillag i Bergen og omland.^{ccxcii}

Media: Den første halvdelen av perioden var ein stordomstid for forлага i byen. Det vart også starta opp private kringkastingsselskap i Bergen på 1920-talet.^{ccxciii}

- I 1927 vart *Bergens avis* (BA) gitt ut for første gang under namnet *Bergens Arbeiderblad*.^{ccxciv}

Handel: Meir detalj- og grossisthandel.^{ccxcv}

- Importen gjekk ned i mellomkrigstida frå 16 prosent i 1914 til 12 prosent i 1939. Bergen klarte likevel å halde på sin stilling som ein viktig eksportby. I 1939 hadde Bergen 12 prosent av landets samla utførsel av varer.^{cxcvi}
- Fiskeprodukt utgjorde halvparten av den totale eksportverdien i mellomkrigstida.^{ccxcvii}

- Eksport av skinn, huder og lær var andre viktige eksportvarer. *G.C Rieber & Co. AS* var den leiande bedrifta som dreiv med utskiping av desse produkta.^{ccxviii}
- Oppretting av større varemagasin kom i gang i slutten av førre periode. Til dømes *AS Sundt & Co* og *Zuckermanns Magazin*.^{ccxix}

Turisme: Den nye Vossabanen stimulerte til meir trafikk mellom Austlandet og Vestlandet.^{ccc}

- Ei rekke lystbåtar og passasjerskip besøkte Bergen i sommarmånadene.^{ccci}

Bank og forsikring: Vidareføring frå førre periode.

Privatskule: Det offentlege tilbodet vart utvida på 1900-talet. Dei private skulane var eit supplement til det offentlege tilbodet.^{ccci}

Arkitektverksemde: Bergen skulle gjenoppbyggast etter bybrannen i 1916. Det gav grunnlaget for ei større arkitektverksemd i Bergen.^{ccci}

Organisasjonar, rørsler og foreiningar:

Organisasjonssamfunnet vaks i omfang og omfatta stadig nye grupper av samfunnet.

Økonomiske og politiske interesseorganisasjonar

Fagrørla: Jern- og metallarbeidarane organiserte seg på byrjinga av 1900-talet. Fagrørla i Bergen var delt i to med arbeidarforeiningane på den eine sida og sveineforeiningane, som ikkje var ein del av klassekampen, på den andre sida.^{ccciv}

Bransjeorganisasjonar: Bergens handelskammer vart grunnlagt i 1915 og hadde som formål å ivareta og fremje interessene til handelsnæringa, industrien, skipsfarten og fiskeria.^{cccv}

Arbeidsgivarforeiningar: Sjå kapittel 2 i «Samfunnsanalyse for Vestland fylke».

Politikk: Forretningskvinnen Marie Michelsen vart valt inn i kommunestyret i 1901 som ei av dei første seks kvinnene i Bergen.^{cccvii}

- *Politiske parti:* Det Norske Arbeidarparti fekk eit betre gjennomslag i Bergen i denne perioden. *Høgre* stod sterkt i mellomkrigstida og samarbeida tett med *Frisinnede Venstre*. *Venstre* mista den store oppslutninga som partiet hadde hatt fram til den første verdskriga. *Kristeleg Folkeparti* vart stifta i Bergen i 1933 og fekk inn nokre representantar i bystyret allereie i 1934. I tillegg var det skipa ei rekke småparti som gjorde det godt ved enkelte kommuneval. Mange av desse partia hadde gjerne kort levetid.^{cccvii}
- *Politiske ungdomsorganisasjonar:* Både *Høgre* og *Arbeidarpartiet* oppretta sine eigne ungdomsorganisasjonar.^{cccviii}
- *Arbeidslause:* I dei største kriseåra på 1920-talet låg den årlege arbeidsløysa på 5 prosent i gjennomsnitt. På 1930-talet hadde den årlege arbeidsløysa stige til 8 prosent.^{cccx}
- *Fråhaldssaka:* Framleis ei viktig sak. Likevel stemte eit fleirtal av innbyggjarane imot eit forbod mot brennevin i 1919.^{cccx}

- *Målsaka*: I 1905 starta *Vestlandske Mållag* opp sin foreining i Bergen. *Bergens Riksmålsforening* vart skipa i 1900 og var det første bokmållaget i byen. På 1920-talet vart det diskutert om Bergen skulle skifte namn til Bjørgvin eller halde på Bergen som namn. *Bergens Riksmålsforening* var imot ei namneendring og klarte å samle mykje støtte for sitt syn blant bergensarane.^{cccxi}

Religiøse, humanitære, ideelle og kulturelle organisasjoner

Religion

- *Lekmannsrørsla*: Det vart stifta nye lokale indremisjonslag i denne perioden. Misjonslaga bestod av både kvinnelag og barne- og ungdomslag. Dei kristelege laga var mindre dominerande i Bergen enn det som var tilfellet i store delar av Vestlandet. Samtidig utgjorde dei meir enn ein av tre foreiningar i 1940.^{cccxii}
- *Andre trussamfunn*: I 1930 var 3,8 prosent av befolkninga i Bergen medlem av ei trusretning utanfor *Den norske kyrkja*. Den største trusretninga var kristendom og den største kyrkjelyden var metodisme.^{cccxiii}

Ideell og humanitær verksemd

Ei større differensiering. Det vart mellom anna skipa sanitetslag, helselag og husmorlag. Laga samarbeidde ofte med kommunen om å drifte forskjellige omsorgstilbod.^{cccxiv}

- *Blinde, døve og stumme*: Fekk sine eigne foreiningar på 1900-talet.^{cccxv}
- *Rotaryklubb*: Den første Rotaryklubben i Bergen vart stifta i 1924.^{cccxvi}

Fritid og idrett

Avtalefesta 8-timars arbeidsdag i 1919 førte til meir fritid blant befolkninga som i større grad deltok i ulike fritidsaktivitetar. Det organiserte idrettslivet la ned sin aktivitet under okkupasjonen.^{cccxvii}

- *Idrett*: Tilvekst av turnlag, fotballag, friidrettslag, symjelag og sykkellag og andre idrettsorganisasjonar.^{cccxviii}
- *Song- og musikk*: Det var skipa fleire kor i Bergen. Songlaga og musikkorpса dominerte i mellomkrigstida. Skulane oppretta gjerne eigne korps medan arbeidarane fekk sine eigne songlag.^{cccix}
- *Speidarlag*: Det vart etablert speidarlag både for gutter og for jenter.^{cccxx}

Tidsperiode: 1946-1980

Hovudtrekk:

Gjenreising og utbygging kjenneteiknar perioden etter krigen. I Bergen vart industrien bygd ut og sysselsetjinga i næringa styrka seg fram til 1960-talet. Det same var tilfellet for skipsfarten og handelsnæringa. I 1970-åra gjekk sysselsetjinga tilbake i industrien og skipsfarten. Samtidig auka talet på arbeidsplassar i den offentleg sektoren.^{cccxxi} I organisasjonssamfunnet byrja det å butte imot for lekmannsrørsla, målrørsla og fråhaldsrørsla.^{cccxxii}

Primærnæringa:

Jordbruk: Byekspansjon førte til at jordbruksarealet i områda rundt Bergen minka kraftig etter 1969.^{cccxxiii}

Fiske: Utvidinga av Bergen sitt areal gjorde det vanskeleg for ein del av innbyggjarane å dra til Torget for å handle fisk. Av den grunn vart det opna små spesialbutikkar for fisk og andre matvarer i dei nye bydelane. Torget var framleis ein levande marknads plass på 1960-talet, men på hell. I 1978 var det registrert 21 fiskehandlarar på Torget.^{cccxxiv}

I 1970 var det 100 yrkesfiskarar i Bergen. Av dei 100 fiskarane var 66 menn og 34 kvinner.^{cccxxv}

Sekundærnæringa:

Industrien vaks kraftig på 1950- og 1960-talet. Det var dei tradisjonelle hovudbransjane: tekstil-, kledning-, næringsmiddel- og jern- og metallindustrien som stod for det meste av veksten. Perioden såg ein auke i talet på lokale bedrifter som inngjekk i samarbeidsprosjekt med grupper i andre byar eller konsern.^{cccxxvi}

- *Verkstadproduksjon:* Produksjon av maskinar og elektriske apparat- og utstyr. Sverre Munck AS var ein bedrift i Møllendal som produserte elektromekanisk utstyr til skip og hamneanlegg. Sverre Munck AS var også ein stor eksportør av kraner til marknaden i utlandet på 1960-talet.^{cccxxvii}
- *Skipsbygging:* Bransjen var prega av vekselvis vekst og nedgang. Bergen Mekaniske Verksted vart kjøpt opp av Aker-konsernet i 1968. Bedrifta bygde oljeplattformar og seksjonar til tankskip. I 1975 var verftet Bergen sin største arbeidsgivar med 3500 tilsette. Oljekrisen i 1973 ramma BMV hardt og verftet gjekk inn i ei krisetid etter 1975. Ei bedrift som klarte å omstille seg var Mjellem & Karlsen. Bedrifta satsa mellom anna på bygging av bilferjer og vedlikehald av ubåtar.^{cccxxviii}
- *Næring- og nytingsmiddel:* Deler av næringa opplevde nedgang, men spesialiserte bedrifter som O. Kavli og Kaffehuset Friile klarte seg godt.^{cccxxix}

- *Tekstil- og kledningsindustri*: Den internasjonale frihandelen øydelagde for denne industrien som hadde produsert til ein beskytta heimemarknad. Både *Arne Fabrikker* og *Nestun Ullvarefabrikk* avvikla sin drift i løpet av perioden.^{cccxxx}
- *Skotøyindustrien*: Prega av ein tilbakegang og bortimot avvikla på 1960-talet.^{cccxxxii}
- *Gummi- og Plastindustri*: Ulike bransjar byrja å produsere produkt ved bruk av plastråstoffar og syntetisk fiber. Enkelte bedrifter tok etter kvart opp produksjon av plastposar, plastslangar og andre plastprodukt. *Bulls Gummiindustri* var ein bedrift produserte gummimakk til fiskenaeringa.^{cccxxxiii}
- *Blekkemballasje*: På 1950-talet vart det grunnlagt blekkemballasje-fabrikkar i Bergen; *Bergens Blekktrykkeri* og *J.A Sannem AS*. Dei to fabrikkane vart samanslutta med tre bedrifter på Austlandet på 1960-talet. I 1970-åra gjennomgjekk bedriftene ei vanskeleg strukturrasjonalisering.^{cccxxxiv}

Tertiærnæringa

Skipsfart og samferdsel: Den veksande massebilismen resulterte i ei storstilt vegutbygging i Bergen. Bruer og tunnelar vart bygd for å knyte bydelane tettare saman.^{cccxxxv}

Reiarane kom i gang med å byggje opp bergensflåten etter tapet av skip under den andre verdskriga. *Hilmar Reksten* var ein av reiarane som hadde suksess med si satsing på supertankarar. Enkelte skipsreiarar valde å satse på fornying og spesialisering av småskipfarten. *Paal Wilson & Co. AS* som dreiv Norge-Rhinlinja var ein av småskipfartreiarane i Bergen.^{cccxxxvi}

Handel: I 1963 var 13 800 bergensarar sysselsett i handelsnæringa.^{cccxxxvii}

- Mindre import av varer til Bergen. På slutten av 1960-talet utgjorde innførsel av varer til Bergen 8 prosent av landets import.^{cccxxxviii}
- Nedgang i eksport av fisk og fiskevarar, som utgjorde 10 prosent av eksportverdien i 1969.^{cccxxxix}
- Det vart bygd kjøpesenter i bydelane kring Bergen.^{cccxli}

Turisme: Ein bransje i vekst.

- Flesland flyplass opna i 1955 og fekk raskt ein sterk posisjon i den transatlantiske luftfarten. Frå 1963 flaug SAS direkte frå New York til Bergen. Dermed vart Bergen til ei inngangshamn til Skandinavia for turisttrafikken frå Amerika.^{cccxlii}
- Den transatlantiske linefarten vart konkurrert ut av dei transatlantiske flya på 1960-talet.^{cccxlii}

Media: Færre forlag og private kringkastingsselskap i Bergen.^{cccxliii}

Bank- og forsikring: Bergen var eit viktig sentrum for bank- og finans utanfor hovudstaden. På 1970-talet fusjonerte fleire bankar. Mellom anna gjekk *Bergens Kreditbank* og *Bergens Privatbank* saman og danna *Bergen Bank* i 1975.^{cccxliii}

Privatskular: Vidareføring frå førre periode.

Eigedom: Opprettning av bustadbyggelag og burettslag.^{cccxliv}

Organisasjonar, rørsler og foreiningar:

Organisasjonssamfunnet blomstra i etterkrigstida, særleg innanfor kultur-, musikk- og fritidssektoren.^{cccxlv}

Økonomiske og politiske interesseorganisasjonar

Fagrørsla: Sjå kapittel 3 «Samfunnsanalyse for Vestland».

Bransjeorganisasjonar: Vidareføring frå førre periode.

Arbeidsgivarforeiningar: Sjå kapittel 3 «Samfunnsanalyse for Vestland».

Politikk: Partimønsteret i Bergen vart meir likt partimønsteret i dei andre storbyane.^{cccxlvi}

- *Politiske parti:* Høgre og Arbeidarpartiet hadde framgang i Bergen etter krigen. Kristeleg Folkeparti gjorde det også godt. Venstre gjekk tilbake i oppslutning. Kommunistpartiet hadde stor oppslutning i Bergen i mellomkrigstida. Derimot gjekk oppslutninga kraftig tilbake på 1960-talet. Kommunistpartiet si stilling og den sterke partispreiinga var særeigne trekk for Bergen som forsvann kort tid etter krigen.^{cccxlvii}
- *EF-medlemskap:* Bergen var ein solid ja- by med 59,3 prosent mot 40,7 prosent.^{cccxlviii}
- *Homorørsla:* Arbeidet til rørsla starta opp like etter den andre verdskrigen. Kim Friele var ei viktig skikkelse i denne rørsla. Foreininga *Det Norske Forbundet 1948 Bergen* vart stifta i 1970 av Kenneth Brophy og andre homoaktivistar.^{cccxlix}
- *Natur- og miljøvern:* Eit større engasjement på 1960-og 1970-talet.^{cccl}
- *Kvinnesaka:* Vart sett på agendaen igjen på 1970-talet. Foreiningane *Kvinnefronten* og *Brød og Roser* vart stifta på 1970-talet.^{cccli}
- *Studentrørsla:* Den første studentforeiningar i Bergen vart stifta i 1937. Det var *Realistforeininga*. Ein rekke fakultetsforeiningar og andre studentforeiningar så dagens lys på 1950-talet.^{ccclii}

Religiøse, humanitære, ideelle og kulturelle organisasjonar

Religion

- *Lekmannsrørsla:* Rørsla var prega av tilbakegang.^{cccliii}
- *Andre trussamfunn:* I 1960 var 4,2 prosent av Bergen sin befolkning medlem av eit trussamfunn utanfor statskyrkja. Metodist kyrkja var framleis den største kyrkjelyda. Det var også ein liten auke i talet på personar som ikkje hørde til eit trussamfunnet.^{cccliv}
- *Livssynsorganisasjonar:* I 1967 oppretta *Human-Etisk Forbund* eit lokallag i Bergen.^{ccclv}

Ideell og humanitær verksemd

Vidareføring av førre periode.

Fritid og idrett

I 1950- og 1960-åra var det vekst i organiseringa av barn sin fritid.^{ccclvi}

- *Idrett:* Det var ein auke i medlemstalet for jenter og gutter. Turn var populært blant jenter og fotball var dominert av gutter. Symjing var også ein populær idrett i Bergen, i tillegg til friidrett, ski og handball.^{ccclvii}
- *Bedriftsidrett:* Skiping av fleire bedriftsidrettslag i denne perioden.^{ccclviii}
- *Song- og musikk:* Buekorpsa opplevde ei blømingstid. Korpsa utvikla seg til å bli barne- og ungdomsklubbar med eit breiare tilbod og eigne fritidssenter. Det vart også skipa nye song- og musikklag.^{ccclix}
- *Ungdomskultur:* Gjennombrot for ein ny ungdomskultur i slutten av 1950-åra. Den nye ungdomskulturen var meir kommersiell og internasjonal enn tidlegare.^{ccclx}

Tidsperiode: 1981-2023

Hovudtrekk:

Den gamle tungindustrien forsvann frå Bergen og vart erstatta av spesialiserte bedrifter. Bergen vart meir og meir til ein offentleg service-base for regionen. Satsing på nye spesialskip gjorde bergensk skipsfart til ein viktig nasjonal faktor. Ytterlegare fekk oljeindustrien etter kvart større økonomisk betydning for Bergensregionen. I organisasjonssamfunnet var det ikkje lenger store forskjellar mellom Bergen og ulike tettstader rundt om i fylket.^{ccclxi}

Primærnæringa:

Jordbruk: Vidare nedbygging av jordbrukslandet i Fana, Arna og Åsane. I 1994 var det enno 158 gardsbruk i kommunen. Arna hadde 30 gardsbruk og Fana og Åsane hadde høvesvis 88 og 34 gardsbruk.^{ccclxii}

Fiske: Bergen er på 1990-talet Norges ledande kompetansesenter for fiskerispørsmål, med eit bredt miljø som spenner frå Fiskerisenteret på Bontelabo til Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet og forskingsmiljø på Handelshøgskulen og Universitetet i Bergen.^{ccclxiii}

Akvakultur: Den sentrale administrasjonen til fleire sjømatbedrifter har blitt lagt til Bergen. Det gjelder for *Mowi*, *Lerøy Seafood Group* og *Grieg Seafood*.^{ccclxiv}

Sekundærnæringa:

I 1970 var det sysselsett 22 500 personar i industrien. Det var omtrent 1/3 av byen sine innbyggjarar. Tju år seinare hadde talet gått ned til 12 600 personar. På 1990-talet vart oljeindustrien og næringsmiddelinndustrien to viktige industriar i Bergen medan det meste av den tradisjonelle industrien vart lagt ned. I løpet av dei siste tiåra har mange av bedriftene i Bergen blitt ein del av større internasjonale konsern.^{ccclxv}

- *Tekstil- og kledningsindustri:* Både *Salhus Tricotage*, *Nesttun Uldvarefabrik* og andre store tekstilfabrikkar la ned si drift i denne perioden. Derimot er *Oleana AS* eit tekstilselskap som har klart seg godt. Selskapet vart grunnlagt i Ytre Arna i 1992. Konfeksjonsbransjen i Stryn klarte seg også godt til tross for den harde konkurransen frå den internasjonale marknaden.^{ccclxvi}
- *Verft og offshore verksemd:* Det har utvikla seg eit kompetanse- og operatørmiljø knytt til offshore verksemd i Bergensregionen.^{ccclxvii}

- *Næringsmiddelindustrien*: Spesialistane Rieber & Søn, Kavli, Hansa Borg Bryggeri og Friele Kaffe vidareutvikla sine produkt.^{ccclxviii}
- *Bygg- og anlegg*: Ein bransje som har hatt ei stor verdiskaping i Bergen og i heile Vestland fylke.^{ccclxix}
- *Fornybar energi*: Det var sysselsett 1247 personar under kategorien fornybar energi i 2018.^{ccclxx}

Tertiærnæringa:

Skipsfart og samferdsel: Bergen er framleis eit viktig kommunikasjonsknutepunkt i fylket med eigen flyplass, jernbane og sjørutesamband, lokalt, langs kysten og til utlandet.^{ccclxi}

- Reiarmiljøet i Bergen styrka seg på 1990-talet. Bergensreiarane har blitt leiande på kjemikalietankar og bulkskip. *Odfjell SE* har hatt suksess med si satsting på kjemikalietankarar.^{ccclxii}
- Bergen vart Noreg sin tredje største sjøfartsby målt i skipstonnasje i 1999. I 2006 vaks tonnasjen til 27,5 prosent frå 17 prosent i 1994.^{ccclxiii}

Handel: I 2018 arbeidde 17 708 personar i handelsnæringa.^{ccclxiv}

- Det siste parti med tørrfisk vart eksportert frå Bergen i 1999.^{ccclxxv}
- Eksporten av varer frå Bergen minka. Byen vart til eit omlastingssenter for Vestlandsfylka.^{ccclxxvi}
- Utbygging av kjøpesentera i bydelane utanfor sentrum.^{ccclxxvii}
- Bruktmarknadar og pop-up utsalsstadar.^{ccclxxviii}

Turisme: Utviklinga for reiselivet har vore positiv. Cruise- og flytrafikken auka med 38 prosent i perioden frå 1994-2005. Dermed har også hotellkapasiteten blitt sterkt utvida. I åra 2020 til 2022 førte koronapandemien til ein nedgang i turistnæringa og andre næringar knytt til turisme.^{ccclxxix}

- Eit større innslag av cruseturisme på 1990- og 2000-talet.^{ccclxxx}
- Turismen har også hatt ein betydning for restaurantnæringa og utelivet i Bergen.^{ccclxxxi}
- Det har blitt skipa fleire forskjellege festivalar dei siste tiåra.^{ccclxxxii}

Media: Media City Bergen opna i 2017 og har blitt eit klyngemiljø i Bergen.^{ccclxxxiii}

- TV2 AS har vore ein viktig arbeidsgivar og verdiskapar i mediebransjen i Bergen.^{ccclxxxiv}

Bank- og forsikring: Sysselsettinga auka betrakteleg i 1980-åra. Det store omfanget av finansieringsselskap førte til at Bergen vart ein av landets raskaste veksande finansbyar fram til 1990-talet. Den seinare utviklinga har gjort Bergen til ein filialby, men arbeidsplassane har i all hovudsak blitt verande i byen.^{ccclxxxv}

Privat tenesteyting: Ei næring som omfattar både arbeidskrafttenester, administrativ rådgiving, rekneskap, juridisk tenesteyting og IT-tenester. Næringa sysselsette 34 607 personar i 2018. Bergen har også ein betydeleg tenesteytande næring knytt til den maritime næringa, beståande av skipsmeklarar, skipstekniske konsulentbedrifter og shippingadvokatar.^{ccclxxxvi}

Private skular: Det er fleire privatskular i Bergen på grunnskulenivå og for vidareutdanning: *Montessori, Sonans, Bergen Private Gymnas, Metis* og *Danielsen*.^{ccclxxxvii}

Private helsetenester: Volvat, Aleris m.m.^{ccclxxxviii}

Organisasjonar, rørsler og foreiningar:

Frå 1980-talet har organisasjonssamfunnet i Bergen utvikla seg på same måte som elles i fylket. Eit unntak er etablering av bedriftsidrettslag som har ført til at idrettsorganiseringa i Bergen har vore større enn i resten av fylket.^{ccclxxxix}

Økonomiske og politiske interesseorganisasjonar

Fiske: Norges Sildesalgslag vart oppretta i 1989 og fekk hovudkontor i Bergen.^{cccxci}

Politikk:

- *Politiske parti:* På 1980-talet vaks *Høgre* og *Arbeidarpartiet* til å bli dei to største partia i Bergen. *Framstegspartiet* og *Sosialistisk Venstre* har hatt ein større framgang medan *Kristeleg Folkeparti* opplevde ein svakare oppslutninga utover 2000-talet. Ytterlegare har det blitt stifta nye lokale og nasjonale protestparti. Eksempelvis fekk det lokale protestpartiet *Bergenslisten* 5,0 prosent av stemmene under kommunevalet i 2023.^{ccxcii}
- *EU-saka:* Grasrotengasjement mot eit EU-medlemskap. I denne omgangen var det eit jamnare resultat med eit lite overtak til ja- sida på 51,1 prosent.^{ccxcii}
- *Målsaka:* Mindre aktivitet bland mange av mållaga. *Vestmannalaget* har likevel oppretthaldt sin aktivitet.^{ccxciii}
- *Fråhaldsrørsala:* Fråhaldsrørsala vart redusert til eit marginalt innslag i organisasjonslivet.^{ccxciv}
